



ETNE KOMMUNE

Tenestetorget

Fiskeri- og kystdepartementet
PB 8118 Dep,
0032 OSLO

Etne, 31.03.2011

Dykkar ref.:

Vår ref.:

2009001065/2011001943

Arkiv:

N-633, N-634

Sakshandsamar:

ERK

**2.GANGS HØYRING: FRAMLEGG TIL FØRESEGNER OM SÆRSKILTE KRAV
TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN.**

Saka vart handsama i formannskapet 30 03 2011. Dette er Etne kommune si høyring.
Vedlegg F-sak 021/11.

Med helsing

Eva Wiik Hustoft

Eva Wiik Hustoft
Konsulent

Vedlegg: F-sak 021/11 med vedlegg



Etne kommune
SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Formannskap	30.03.2011	021/11	ERK

Sakshandsamar: Erik Kvalheim	Arkiv: N-633, N-634	Arkivsaknr: 2009001065
---------------------------------	---------------------	---------------------------

**2. GANGS HØYRING: FRAMLEGG TIL FØRESEGNER OM SÆRSKILTE
KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I
HARDANGERFJORDEN.**

Vedlegg i saka:

Høringsbrev frå Det kongelige fiskeri- og kystdepartementet (FKD) datert 16.2.11, inkl. framlegg til føresegner og områdeavgrensing.

Utrykte saksdokument:

F-sak 078/09
Adresseliste for høyringa.
Naturmangfoldlva, utdrag §§ 4-14.

Saksgang:

Formannskapet

Utskrift til:

Fiskeri- og kystdepartementet, PB 8118 Dep, 0032 Oslo. Ny sak + kopi av f-sak 78/09.
Mail til postmottak@fkd.dep.no

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Saka gjeld ny høyring om Hardangerfjordforskrifta. Vi har tidlegare gjeve uttale i f-sak 78/09. Formannskapet fekk fullmakt frå kommunestyret til å gi uttale i k-sak 64/09.

2. Bakgrunn for saka:

Der kom inn 53 uttalar i første høyringsrunde. Fleire uttalar omhandla fastsetjing av taket på biomasse/produksjon i verkeområdet til forskrifta. FKD gjer no framlegg om at dette skal fastsetjast på ein annan måte enn i det opphavlege framlegget. I tillegg er Langenuen (med 6 lokalitetar for lakseoppdrett) teke inn i verkeområdet.

3. Problemstilling:

Endringane er skildra kapt. 3 i vedlagt høyringsbrev datert 16.2.11 . Framlagt biomassetak på 50.000 tonn MTB er ikkje del av høyringa no, men FKD gjer framlegg om korleis reduksjonen av biomasse kan skje og fordelast innan verksemdene (øvt s. 3). Ein tek omsyn til selskapsstruktur og mindre næringsaktørar, og ein vil også forhindre at selskapa nullar ut effekten av forskrifta gjennom t.d. fisjoning. Det vert opna for vidare dialog med næringa om desse spørsmåla.

Det berande omsynet bak framlegget er eit ønskje om å redusere presset på dei ville stammene av laks og sjøaure, m.a. for å unngå tap av biologisk mangfald, jf. akvakulturlova §§ 1 og 10 og naturmangfaldlova §§ 1 og 5. Forskrifta vil fungere saman med anna regelverk for å sikre ei berekraftig utvikling for oppdrettsnæringa.

4. Vurdering:

Endringane påverkar ikkje Etne kommune sin uttale i f-sak 78/09 i nemneverdig grad, så rådmannen tilrår at vi syner til vår førre uttale. Vi har her også sagt at vi er positiv til samarbeid med oppdrettsnæringa vedr. tiltak for villaksen. Naturmangfaldlova er kome noko sterkare inn sidan sist og styrkar villaksinteressene i saka (m.a. §§ 10, 11, 12, uttrykt vedlegg).

Det vert av andre høyringsinstansar no etterspurt ei konsekvensutgreiing for å syne kva for verknader forskrifta har for oppdrettsnæringa og annan verdiskaping, arbeidsplassar, skatteinntekter mm. Dette er såleis noko styresmaktene må ta stilling til.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Endringane i ny høyringsrunde er for Etne kommune sine del ikkje større enn at vår tidlegare innsendte uttale i f-sak 078/99 framleis kan stå ved lag, så vi syner til denne. Vedr. villfiskinteressene syner i tillegg til prinsippa i naturmangfaldlova, m.a. §§ 10, 11 og 12.

Styresmaktene må i tillegg ta stilling til om det må utarbeidast konsekvensutgreiing for å syne va for verknader framlegg til forskrift har for oppdrettsnæringa og annan verdiskaping.

30.03.2011 FORMANNSKAP

Roe Lauvås (H) fremma følgjande tillegg til 2. avsnitt:

"...og belastning av økosystemet."

Nytt 3. avsnitt:

"Forskrifta må elles skilja mellom lukka anlegg og opne anlegg i sjø når det gjeld mengd biomasse og vurdere korleis ulike sikringstiltak reduserer forureining ved røming og lignende."

RØYSTING:

Tilrådinga frå rådmannen samrøystes vedteke.

Tilleggsforslaga frå Roe Lauvås (H) samrøystes vedteke.

Etter dette ligg det føre slikt

F-021/11 VEDTAK: (samrøystes)

Endringane i ny høyringsrunde er for Etne kommune sine del ikkje større enn at vår tidlegare innsendte uttale i f-sak 078/99 framleis kan står ved lag, så vi syner til denne. Vedr. villfiskinteressene syner i tillegg til prinsippa i naturmangfaldlova, m.a. §§ 10, 11 og 12.

Styresmaktene må i tillegg ta stilling til om det må utarbeidast konsekvensutgreiing for å syne kva for verknader framlegg til forskrift har for oppdrettsnæringa , annan verdiskaping og belastning av økosystemet.

Forskrifta må elles skilja mellom lukka anlegg og opne anlegg i sjø når det gjeld mengd biomasse og vurdere korleis ulike sikringstiltak reduserer forureining ved røming og lignende.

Bort utskrift
ETNE KOMMUNE

STABEN: 31.03.2011

Eva Wike Hustoft

ETNE KOMMUNE

SAKSUTGREIING

Utval	Møtedato	Saknr	Saksh.
Formannskap	17.11.2009	078/09	ERK

Sakshandsamar: Erik Kvalheim	Arkiv: N-633	Arkivsaknr: 2009001065
---------------------------------	--------------	---------------------------

HØYRING: FRAMLEGG TIL FØRESEGNER OM SÆRSKILTE KRAV TIL AKVAKULTURRELATERT VERKSEMD I HARDANGERFJORDEN.

Vedlegg i saka:

Høyringsbrev frå Fiskeri- og kystdepartementet (FKD), datert 18.8.09. Framlegg til føresegner og kommentarar til utkastet. Hardangerfjorden, på utsida av rammene for berekraftig oppdrett? Artikkel frå *Forvaltning av kysten. Kyst og havbruk* nr. 2 2009, forfattarane er tilsette ved Havforskningsinstituttet, Nina, Rådgivende Biologer, Nofima Marin, UiB og Veterinærinstituttet.

Utrykte saksdokument:

Vedlegg til høyringsbrev frå FKD 18.8.09; liste over høyringsinstansar og Hardangerfjorden avgrensing av føresegna sitt virkeområde. Underliggjande dokument for høyringa, instruks frå FKD til Fiskeridirektoratet og Mattilsynet 8.4.08, Fiskeridirektoratet sitt oversendingsbrev 24.10.08 med framlegg til føresegner. Korrespondanse Etne Elveeigarlag (16.9.09), Harangerfjordlauget (30.9.09) og FKD (1.9.09) . Fiskarlaget Vest sitt innspel til høyringa, (1.10.09) Program og skriv om ope infomøte 6.10.09 på Etne Kulturhus K-sak 64/09 Etnelaksen og Hardangerfjordforskrifta. Delegasjon av fullmakt til å gi uttale, inkl. vedlegg; søknad til og avslag frå FKD om utsett høyringsfrist.

Saksgang:

Formannskapet

Utskrift til:

Fiskeri- og kystdepartementet, postboks 8118 Dep, 0032 Oslo

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Saka gjeld framlegg til føresegner for regulering av akvakultur i Hardangerfjordområdet.

2. Bakgrunn for saka:

Etne Formannskap har fullmakt til å gi uttale på vegne av Etne kommune. Høyringsfrist er 18.11.09, sjå vedlagt høyringsbrev frå Fiskeri- og kystdepartementet (FKD) datert 18.8.09. Bakgrunnen for framlegget er skildra s. 1 og 2. Utgangspunktet er den negative utviklinga for villaksstammene i regionen. Hardangerfjorden er det tettaste oppdrettsområdet i landet. Der er fagleg semje om at lakselus og rømt oppdrettslaks er dei viktigaste årsakene til problema for villaks og sjøaure i området. FKD vurderer det slik at situasjonen krev spesielle forvaltningsgrep.

Mattilsynet og Fiskeridirektoratet fekk 8.4.08 i instruks av FKD å utarbeide framlegg til føresegn for Hardangerfjorden, gjeldande frå kysten og 165 km heilt inn Sørfjorden, inkl. sidefjorvar som t.d. Etne- og Åkrafjorden. Føresegna gjeld produksjon av laks, aure og regnbogeaure i sjø. Instruksjonen er nedfelt i § 1. Frå nemnte dato vart det også sett forbod mot å gi nye eller utvide konsesjonar i området. Framlegget som er på høyring er noko justert i høve til Fiskeridirektoratet sitt innspel. Føresegna vil gjelde frå 1.1.2010. Fylkeskommunen skal då overta tildeling av nye havbruksløyve, men Fiskeridirektoratet vil framleis ha ansvar for produksjonen i Hardangerfjorden. Ev. oppheving av føresegna avhenger av utviklinga vidare.

3. Problemstilling:

FKD foreslår eit regionalt biomassetak innanfor Hardangerfjorden og dei nære områda utanfor på 50 000 tonn. Det er i dag tildelt opptil 70.000 tonn, men dette er ikkje nytta fullt ut. I fjor var talet litt over 48.000 tonn. Framlegget inneber slik sett ein nokolunde "frys"-situasjon i høve tid noverande produksjon. Saman med fastsetjinga av ny luseføresegn, forbetra rutinar og omfang av koordinerte avlusingsrundar i oppdrettsnæringa, vil ein med dette regelverket ta vare på omsynet til vill laks og aure i området. Framlegget omfattar også nye krav til brønnbåtar og krav om godkjenning frå Mattilsynet ved flytting av fisk.

Det vert ikkje referert særleg mykje frå framlegget, så det vert vist til vedlegga. Mange høyringsinstansar (liste på uttrykt vedlegg), inkl. t.d. offentlege organ og fagmiljø innan villaks, fiskeri og matproduksjon, elveeigarlag, fiskarlag og oppdrettsnæring, vil kome med innspel om faglege tiltak som kan avbøte situasjonen. Rådmannen ser det såleis som lite føremålstenleg å gå i detalj om alle delane av framlegget. Saksområdet er kompleks og der er mykje bakgrunnsinformasjon. Rådmannen vel å fokusere mest på det overordna nivået i saka, m.a. kva for generelle strategiar og forvaltningsmessige prinsipp som allereie ligg inne og skal vere styrande for utforming av regelverket. Like fullt har vi gjort ei vurdering av trusselbiletet i saka, både generelt, om konflikten villaks/oppdrett og særskilt om tilhøva for våre lokale laksevasdrag. Dette vil i sum kome til uttrykk i konklusjonane. Sjå også vedlagt fagartikkel om Hardangerfjorden; t.d. oppsummeringar på dei siste to sidene, inkl. om oppdrettsfisk i Etneelva s. 3. Meir info også på heimesida til Havforskningsinstituttet, www.imr.no – sjå m.a. under Oppdrett/lakseoppdrett + lakselus, og Forsking/Akvakultur.

Hardangerfjordbassenget er særst godt eigna for lakseoppdrett. Produksjonen har om lag dobla seg frå kring 2004, og området har no størst tettleik av anlegg i landet. Eitt oppdrettsanlegg kan åleine huse oppimot 1 mill. fisk, dvs meir enn talet på villfisk i heile landet. Sjølv om det vert jobba iherdig i høve til m.a. avlusing, gjer den store produksjonsauka at smittepresset mot villaks framleis er stort og trugande. Fare for resistent lus er ein annan utfordring. Og sjølv ein liten prosent rømt laks utgjer store tal i høve til tal villaks i elvene. Mange vassdrag i Hardanger har allereie sterkt reduserte laksestammar, mange er stengte for fiske og rundt 7 er truga av utrydding. Etnevassdraget er snart åleine om framleis å ha ein levedyktig stamme, men også her ser vi ein klar negativ utvikling i høve til mengd lus og oppdrettsfisk. Utviklinga for sjøaure har også vore negativ i mange år. Sidan sjøauren beitar i fjordsystema og ikkje til havs som laksen, er han enno meir utsett for lus. Ein del fisk går om somrane til og med opp igjen i elvane for å avlusa seg i ferskvatnet, som lusa tåler dårleg. Laksesmolt tåler ganske få lus på kroppen før dei dør, noko som gir stort fråfall og redusert tilbakevandring. Det er dei siste åra fiska 2-3 tonn laks og sjøaure i Etnevassdraget og 200-300 kg kvar i Mosnes- og Fjæraelva. Etneelva er klart viktigaste vassdrag i Hordaland, med ein fisketid på 100 dagar. I år gjekk fangstane drastisk ned. Elveeigarane kutta dei siste 10 fiskedøgna (eit tap på over 100.000 kr.), og frå før er det innført sjølvpålagde fangstreduserande tiltak, max. 2 fisk pr stang pr døgn mm. Alt for å bidra til at stammen tek seg opp igjen. I mange år har ein òg fiska ut rømt i fisk i elva om haustane.

FKD og oppdrettsnæringa syner til at der også er mange andre faktorar som påverkar villaksstammene, t.d. ugunstige oppvekstvilkår i havet, vassdragsreguleringar, forureining, sjukdom mm. Like fullt innrømmer næringa at dei har ansvar i høve til lakselus og rømt oppdrettsfisk. Sjølv om vi i Etne både har kraftverk og tidvis øydeleggjande storflaumar, er lus og oppdrett den klart største trusselen for våre laksestammar. Oppdrettsfisk roter til i gytegropar og utvatnar ved gyting genmaterialet til den lokale stamma. Etneelva har hatt høge tal på oppdrett heilt sidan registreninga starta i 1989; og tidvis svært store tal i gytetida. Stammene i indre Åkrafjord er allereie skada og her er også kortare fisketid enn i Etne. Nyleg kom der inn fleire nye rapportar om rømt fisk i fjordane våre, og diverre er det ikkje alltid år mellom kvar gang. Der kan vere mange årsaker til røming; stormar, uhell med brønnbåtar, andre driftsuhell mm, og næringa ønskjer sjølv sagt heller ikkje å miste fisk. Ein har enno ikkje klart å lage gode nok rutinar for sporing av fisk tilbake til anlegga, men dette bør kome.

Der har vore ein del mediaoppslag om Hardangerføresegna i haust. Representantar for oppdrettsnæringa møtte elveeigarar i Etne 24.6.09, der dei m.a. inviterte til samarbeid og informerte om arbeidet i Osterfjordsystemet / Vosso (sakshandsamar var òg på møtet). Det har vore vanskeleg å ikkje kople invitasjonen om samarbeid med sjølv føresegna. Det er vel ikkje urimeleg å tru at oppdrettsnæringa hadde eit ønske om å kunne vise til samarbeid, for slik å få mildare restriksjonar frå FKD. Fleire fagmiljø meiner at framlegget vil gagne villaksen lite, så lenge ein held fram med same produksjonsvolum som i dag, som jo har brakt oss opp i denne situasjonen. Dette også fordi framlegget har for lite konkrete, målbare og tidfesta tiltak for å redusere mengd lus og rømt oppdrett. FKD har også teke ut fleire av framlegga til Fiskeridirektoratet, som Mattilsynet og Fylkesmannen støtta. På det opne infomøtet i Etne 6.10.09 vart FKD bede om å grunngi korleis ein kan halde fram med dagens produksjon, gitt dei store skadane som allereie er gjort. FKD svarte m.a. at føresegna må sjåast i samanheng med andre tiltak (inkl. strategiplan for eit berekraftig havbruk) og eit forventa samarbeid mellom oppdrettsnæringa og lakseinteressene. I tillegg vil ein løyve 200-300 mill kr i åra fram mot 2015, for å auke kunnskapen om lus og oppdrett, avbøtande tiltak, tolegrensar for vassdraga mm. Mange meiner vi veit nok allereie og ikkje har tid miste. I høve til mogleg samarbeid i Etne så har partane lagt dette til sides inntil føresegna er vedteke.

4. Vurdering:

Tidsaspektet og nemnte samarbeid med oppdrettarar og elveeigarar er sentrale element i saka. Fagmiljø, m.a. Havforskningsinstituttet, uttrykte allereie i 2004 bekymring for laksestammene i Hardangerfjorden m.o.t. infeksjonspress frå lakselus, tal rømt laks og lite vill gytefisk i elvane. Ein ser også at Hardangerfjorden er sterkare angrepet enn andre delar av landet, noko som tyder at stort oppdrettsvolum slår negativt ut på situasjonen for villfisk. No er det slik at lovverket allereie i dag gir heimel for drastiske tiltak i utsette område, t.d. periodisk brakklegging og reduksjon av biomasse, men spørsmålet er om det vert praktisert i tilrekkeleg grad. Oppdrettsnæringa er no bede om å sjå på eiga struktur i Hardangerfjordområdet, for om mogleg å avbøte på situasjonen. Rådmannen er positiv til samarbeid med næringa, t.d. om tiltak knytt til dei einskilde vassdraga; fangst av oppdrettsfisk, kultiveringstiltak, uttransport av smolt mm, men meiner ein ikkje kan forskottere dette i høve til føresegna og produksjonsvolumet. Det er positivt at næringa vil ta ansvar og bruke pengar på villaksen, men røynslene med friviljug samarbeid dei siste 20 åra er ikkje berre gode. Det må såleis vere opp til styresmaktene å konkretisere måla og tiltaka i føresegna. Sjølv om det er ønskje at oppdrettsnæringa i Noreg framleis skal vekse, spør det om ein då ikkje bør sjå på andre område enn Hardangerfjorden. Moglegvis kan ein her heller vri noko meir av produksjon over på sjøfisk.

Fleire vedtekne forvaltningsprinsipp, internasjonale avtalar, lovverk og strategiar mm underbygger at ein no må ta grep for villaksen i Hardangerfjordbassenget. T.d. kan nemnast målsettingane om ein berekraftig havbruksnæring, føre-var-prinsippet, Bern-konvensjonen som seier at Noreg har eit særleg ansvar for villaksen, prinsippet om at forureinaren skal betale mm. I tillegg er Etnevassdraget nasjonalt laksevassdrag og Etnefjorden nasjonal laksefjord, dvs dei skal gis særleg merksemd i høve til forvaltning. Hardangerfjordføresegna er sagt å ikkje skulle vere ein omkamp om laksefjordane, men mykje tyder på at grensa for Etnefjorden er for snau til å vere til noko skydd for Etnelaksen (grensa går ute ved Romsa). Då bør ein i alle høve kompensere med andre tiltak.

Oppdrettsnæringa er allereie tungt regelstyrt og det vert jobba for å redusere negative ulemper frå produksjonen, t.d. gjennom driftsplanlegging, førebygging av sjukdom, pålagt synkronisert avlusing, krav til anlegga, bruk av brønnbåtar, overvaking og tilsyn mm. Som nemnt er utfordringa at oppdrettsnæringa i vår region har vakse så fort og til slike nivå at dei negative konsekvensane ikkje har lete seg styre i same grad. Næringa er viktig i høve til verdiskaping, matproduksjon, lokale arbeidsplassar og inntekter for kommunane. Grov hovudrekning tilseier at der er kring 20 arbeidsplassar i dei 3 selskapa i Etne kommune, pluss at selskapa kjøper ein del varar og tenester lokalt. Den nye eigedomsskatten gir kring 105.000 kr. frå dei 4 anlegga som for tida har produksjon i Etne. Staten har derimot mykje større inntekter frå oppdrett enn kommunane, gjennom skattar og avgiftar mm.

Verdiskapinga ved laksefiske i Etne kommune ligge grovt rekna kring 1 mill. kr/år i sal av fiskekort, noko som gir kring 3-5 mill. kr og vi tek med sideeffektar knytt til overnatting, mat, handel mm. I tillegg er Etneelva blant kommunen sine viktigaste og mest tradisjonsrike merkevarar og ein del av identiteten til bygda. Laksefiske gir gode biinntekter til elveeigarane, og det er snakk om mange arbeidsplassar direkte og indirekte. Vassdraget sin verdi som merkevare, friluftstilbod og viktigaste laksevassdrag i Hordaland er i tillegg stor.

Føremålet med føresegna er å sikre villaksen, fjordens bereevne, fiskehelse og det langsiktige grunnlaget for ei berekraftig utviklinga av oppdrettsnæringa (§ 1). Det er i oppdrettsnæringa si eiga interesse at lokale laksestammar ikkje dør ut. Rådmannen meiner føresegna no må

utformast slik at den raskt gir praktiske utslag som let seg etterprøve. Alternativt bør ein søkje å redusere volumet (inkl. greie ut juridiske sider ved dette) og/eller praktisere dagens lovverk strengare enn i dag i utsette område. Auka forskning, overvaking og tilsyn kan følgje parallelt. Og om situasjonen skulle betre seg, så er det altså opna for å revurdere regelverket. Friviljug samarbeid mellom oppdrettarar og villaksinteressene vil vere positivt, men mykje tyder på at det er dei skriftlege krava i lover og føresegna som vil avgjere utviklinga vidare.

FKD ber høyringsinstansane kome med innspel på om vi meiner at delar av Vindafjord kommune, dvs kyststripa som vender seg mot Sunnhordlandsbassenget, skal vere omfatta av føresegna. Rådmannen ser det som heilt naturleg at dette må ligge inne, sidan det er ein del av vårt sams fjordsystem. Der ligg 3 oppdrettsanlegg i området, og m.a. går trekkruta for etnelaksen forbi Bjoalandet.

Rådmannen sine konklusjonar er i stor grad basert på dei faglege tilrådingane i saka, saman med dei nemnte føringane som ligg i offentleg forvaltning og lovverk. Der ligg elles eit klart politisk element i saka. Oppdrettsnæringa genererer milliardar av kronar i verdiskaping, og dei nyttar sjølvsagt dette i høve til saker som er viktige for næringa. Røynsler syner at villfisksinteressene som oftast blir små i den samanheng. Like fullt er dette ei sak som krev særskilt merksemd; den er spesiell av fleire grunnar, m.a. sidan den gjeld eit avgrensa fjordområde i landet, der volumet av lakseoppdrett har utvikla seg til å bli så stort at det medfører ein alvorleg trussel for laksestamma i regionen. Og ofte krev ein spesiell situasjon også spesielle løysingar.

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Etne kommune ser med stor uro på den negative utviklinga for villaksestamma i Etne, Åkra fjorden og andre vassdrag i Hardangerfjorden. Situasjonen tilseier at der trengst konkrete og raskt verkande tiltak for å snu utviklinga. Det bør i føresegna for Hardangerfjorden setjast målbare grenser for kva ein skal tåle av lakselus og rømt fisk i området, og det må kome klart fram kva for tiltak som kan setjast inn dersom tolegrensene vert oversteget, inkl. tidsfristar for tiltaka. Utan tydelege miljømål vert oppfølging av føresegna vanskeleg både for forvaltninga, oppdrettsnæringa og villfiskinteressene. Alternativt synast 50.000 tonn produksjon ikkje å kunne forsvarast i høve til berekraft for området. Vi ser då heller ikkje at ein tek naudsynte omsyn til føre-var-prinsippet som gjeld i norsk forvaltning.

Etnefjorden er nasjonal laksefjord og Etnevassdraget nasjonalt laksevassdrag. Der kviler på styresmaktene å ta eit særskilt ansvar for laks- og sjøaurestammen i Etne. Vassdraget er viktig for lokal verdiskaping og blant kommunen sine mest markante og tradisjonsrike merkevarar.

Den norske stat har gjennom Bern-konvensjonen forplikta seg å ivareta den nordatlantiske laksestamma. Dette må leggjast til grunn i denne saka.

Akvakulturnæringa er ei viktig næring i høve til verdiskaping og matproduksjon; også for Etne kommune. På same tid er det nedfelt i nasjonale strategiar og lovverk for akvakultur at næringa skal drivast berekraftig.

Etne kommune er positiv til samarbeid med oppdrettsnæringa og villfiskinteressene, som supplement til reguleringane i Hardangerføresegna.

Dei delane av Vindafjord kommune som er vendt mot Sunnhordlandsbassenget må vere omfatta av føresegna. M.a. ligg Bjoalandet i trekkruta for etnelaksen.

Det er positivt at styresmaktene aukar innsatsen på forskning om havbruk og villaks. Etne kommune håper dette t.d. inkluderer utvikling av metodar for sporing av rømt oppdrettsfisk, utvikling av sikrere anlegg, utvikling av steril fisk og forskning på lakselus og fiskehelse. Ein bør også ha fokus på overvaking av og tiltak i vassdraga. Generelt er der behov for auka tilsyn med både oppdrettsnæring, fjordar og laksevassdrag.

For grunngiving av einskildpunkt syner vi til saksframlegget.

17.11.2009 FORMANNSKAP

F-078/09 VEDTAK: (samrøystes)

Etne kommune ser med stor uro på den negative utviklinga for villaksestammene i Etne, Åkrafjorden og andre vassdrag i Hardangerfjorden. Situasjonen tilseier at der trengst konkrete og raskt verkande tiltak for å snu utviklinga. Det bør i føresegna for Hardangerfjorden setjast målbare grenser for kva ein skal tåle av lakselus og rømt fisk i området, og det må kome klart fram kva for tiltak som kan setjast inn dersom tolegrensene vert oversteget, inkl. tidsfristar for tiltaka. Utan tydelege miljømål vert oppfølging av føresegna vanskeleg både for forvaltninga, oppdrettsnæringa og villfiskinteressene. Alternativt synast 50.000 tonn produksjon ikkje å kunne forsvarast i høve til berekraft for området. Vi ser då heller ikkje at ein tek naudsynte omsyn til føre-var-prinsippet som gjeld i norsk forvaltning.

Etnefjorden er nasjonal laksefjord og Etnevassdraget nasjonalt laksevassdrag. Der kviler på styresmaktene å ta eit særskilt ansvar for laks- og sjøaurestammen i Etne. Vassdraget er viktig for lokal verdiskaping og blant kommunen sine mest markante og tradisjonsrike merkevarar.

Den norske stat har gjennom Bern-konvensjonen forplikta seg å ivareta den nordatlantiske laksestamma. Dette må leggjast til grunn i denne saka.

Akvakulturnæringa er ei viktig næring i høve til verdiskaping og matproduksjon; også for Etne kommune. På same tid er det nedfelt i nasjonale strategiar og lovverk for akvakultur at næringa skal drivast berekraftig.

Etne kommune er positiv til samarbeid med oppdrettsnæringa og villfiskinteressene, som supplement til reguleringane i Hardangerføresegna.

Dei delane av Vindafjord kommune som er vendt mot Sunnhordlandsbassenget må vere omfatta av føresegna. M.a. ligg Bjoalandet i trekkruta for etnelaksen.

Det er positivt at styresmaktene aukar innsatsen på forskning om havbruk og villaks. Etne kommune håper dette t.d. inkluderer utvikling av metodar for sporing av rømt oppdrettsfisk, utvikling av sikrere anlegg, utvikling av steril fisk og forskning på lakselus og fiskehelse. Ein bør også ha fokus på overvaking av og tiltak i vassdraga. Generelt er der behov for auka tilsyn med både oppdrettsnæring, fjordar og laksevassdrag.

For grunngiving av einskildpunkt syner vi til saksframlegget.